



ARD arealplan  
Nygårsgate 114  
5008 BERGEN

Dato: 14.10.2015  
Vår ref.: 2015/9318-5  
Saksbehandlar: HANVIE\_  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til oppstart av reguleringsplanarbeid, Fammestad - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 10.09.2015 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Jydalen, Fammestad, gnr. 24 brn. 2 m.fl. Hovudføremålet med reguleringa er bustader. Føremålet er dels i strid med kommuneplan der området er sett av til bustad og LNF. Planarbeidet har føremål å gjer eit byte av område for bustad og LNF. Kommunen har vurdert at utløyser krav om konsekvensutgreiing og at denne skal innlemmast i planskildringa.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

I det vidare planarbeidet vil vi leggje vekt på:

- Areal- og transport
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv
- Klima og energi
- Landskap
- Kulturminne
- Samferdsel
- Universell utforming

### Meir om areal og transport, barn og unge

Regionale arealpolitiske retningslinje seier at arealbruk og transport skal planleggast i høve til kvarandre, og Regional transportplan har som mål at auka persontrafikk skal skje ved gange, sykkel eller kollektivtransport. Nye bustader må lokaliserast i tråd med dette. Vi gjer merksam på at planområdet ikkje ligg i nærleiken av senterområde eller sentrale kollektivaksar. Dette kan føre til at transport til og frå bustadene i all hovudskal vil være bilbasert. Vi rår til at ein har omsyn til dette og ber om at planmaterialet skildrar korleis planområdet er knytt til senterområde og kollektivtrafikk.

Planlegginga skal ta vare på barn og unge sine interesser og sikre gode og trygge oppvekstvilkår. Vi ber om at trafikksikker skuleveg blir drøfta i det vidare planarbeidet.

### Meir om landskap og friluftsliv

All utbygging har verknad på landskapet. Det er difor viktig at planlegginga sikrar at byggjetiltak og infrastruktur vert innordna dei fysiske omgjevnadane. Vi minner om at planområdet ligg tett inntil Tveitvatnet. Vatnet og strandsona er registrert som regionale friluftsområde med viktige strandsoneverdiar. Vi ber om at ein har omsyn til dette i det vidare planarbeidet.

### Meir om kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern. Vi minner om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Hordaland fylkeskommune har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Om lag 150 m nordaust for planområdet, på eit høgdedrag kalla Husabøen, ligg det eit gardsanlegg frå mellomalder med id. nr. 72986 i Riksantikvaren sin database Askeladden. Potensialet for funn av automatisk freda kulturminne innanfor planområdet vart likevel vurdert å vera lågt. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknad i høve kulturminne på noverande stadium i planprosessen.

### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### **Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, barn og unges interesser, friluftsliv, klima og energi, landskap, kulturminne, samferdsel og universell utforming

Marit Rødseth  
plansjef

Hanne Kathrin Vie  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Monica Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Kopi til:

Statens vegvesen - Region Vest

Fylkesmannen i Hordaland